

PROTOKOLL NR.: 02 11-13

FRÅ : ALPINKOMITEEN

STAD/DATO : Telefonmøte 06.10.2011

TIL STADES : Lilly Schøyen, Atle Hamar, Martin Hopland, Rune Espe, Olaf Betten og Anders Felde (adm.)

FORFALL : Atle Hamar møtte frå og med sak 15, Rune Espe deltok til og med sak 13, Martin Hopland hadde forfall.

MERKNADER : Ingen

SAKLISTE

Sak 12 11-13	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 13 11-13	Handlingsplan 2011 – 2012
Sak 14 11-13	Status Fjord1 samlingar
Sak 15 11-13	Terminliste 2012
Sak 16 11-13	Sakliste til haustmøtet
Sak 17 11-13	Orientering om status marknadsarbeid
Sak 18 11-13	Rekneskapsrapport pr. 30.08.2011
Sak 19 11-13	Regelendring for kvalifiseringsrenn

Eventuelt

Sak 20 11-13 **Gjennomgang av leiarfunksjon FIS-opplegget 2011-2012**

Sak 12 11-13 **Godkjenning av innkalling og sakliste**
Bakgrunn
Innkalling og sakliste m/ vedlegg er utsendt på førehand.

Vedtak
Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 13 11-13 **Handlingsplan 2011 – 2012**
Bakgrunn
Forslag til handlingsplan 2011-2012 er utsendt på førehand.

Alpinkomiteen sin handlingsplan byggjer på Sogn og Fjordane Skikrins sin Strategiplan 2009-2013.

Vedtak
Alpinkomiteen godkjenner handlingsplanen med dei endringane som kom på møtet.

Sak 14 11-13

Status Fjord1 samlingar

Bakgrunn

Fjord1 samlingane går etter oppsett plan. Under barmarkssamlinga i Førde opna ein for at 2001 årgangen kunne delta, adm. ynskjer tilbakemelding om ein også skal gjere dette på siste barmarkssamling eller ikkje.

Vedtak

Alpinkomiteen vedtek at den siste barmarkssamlinga er for 2000 årgang og eldre.

Sak 15 11-13

Terminliste 2012

Rammene for terminlista 2012 vart lagt fram på Vår møte 2011. Deretter vart terminlista sendt til høyring i laga 07. juni, med svarfrist 12. august. Det har kome inn eit par innspel på høyringsforslaget.

Vedtak:

Terminlista i alpint er i år vanskeleg å få heilt optimal i og med at påska er relativt tidleg, samtidig er meir eller mindre heile mars månad "låst" med nasjonale meisterskap for aldersbestemte årsklassar. Erfaringane ein sit med er at Fjord1 Cup har betre deltaking når det er kvalifiseringsrenn, enn om det er seint på året og ikkje har kvalifiseringsstatus.

Alpinkomiteen vurderer å flytte KM-helga i SL/SSL frå 11-12 feb. til 4-5. feb., og då flytte Fjord1 samlinga i Sogndal motsett, dette grunna at KM fell på same dato som viktig nasjonalt renn på Hemsedal (11-12 feb.). Adm. sjekkar med Peter Lederer om dette er mogleg, før ein tek ei endeleg avgjer på dette.

Adm. finn ny TD i KM SG, då Rune Espe ikkje er heime. Solbakken Cup skal leggst inn i terminlista

Sak 16 11-13

Sakliste til haustmøtet

Bakgrunn

Skikrinsen sitt haustmøte er felles for alle greiner og blir gjennomført på Skei 26. oktober.

Vedtak:

Alpinkomiteen har følgjande sakliste på haustmøtet:

- Terminliste
- Fjord1 samlingar
- FIS-oppdraget frå SFSK
- Handlingsplanen
- Endring i Kvalik. reglement
- Utdanning – kurs
- Skilisens

Sak 17 11-13

Orientering om status marknadsarbeid

Bakgrunn:

Fjord1 og Avis er dei to avtalene som er knytt til alpint pr i dag. Alpinkomiteen har ei klar målsetting om å skaffe fleire samarbeidspartnarar.

Vedtak:

Status ny samarbeidspartnar er teke til orientering. Atle og Yngve startar reforhandling av avtale med Fjord1 i løpet av november.

Sak 18 11-13

Rekneskapsrapport pr. 30.08.2011

Bakgrunn:

Rekneskapsrapport var utsendt på førehand. Adm. gjekk raskt gjennom dei viktigaste endringane sidan førre rapport.

Vedtak:

Alpinkomiteen har eit "nullresultat" pr. 1. september og må difor få refundert alle sine utgifter ut sesongen, dersom ein skal kome ut med eit rekneskap i balanse.

Sak 19 11-13

Regelendring for kvalifiseringsrenn

Bakgrunn:

Reglane for 10/11 sesongen var utsendt på førehand. På grunn av fleire kvalifiseringsrenn i komande sesong enn tidlegare, må reglane for kvalifisering til HL / LF endrast.

Alpinkomiteen ynskjer at over 50 % av alle omgangane skal vere teljande.

Vedtak:

Alpinkomiteen vedtek at 5 omgangar i SL, 5 omgangar i SSL og 2 omgangar i SG blir teljande som kvalifisering for HL/LF komande sesong. Elles blir reglementet uendra..

Reglar for uttak sesongen 2011/2012

KVALIFISERINGSREGLAR FOR UTTAK AV LØPARAR TIL HL/LC I SOGNOG FJORDANE SKIKRINS.

- Tal kvalifiseringsrenn: 4 SL, 4 SSL, 2 SG.
- Løparane skal delta i alle disiplinær. Dei 5 beste omgangane i SL, 5 beste omgangane i SSL og dei 2 beste omgangen i SG er teljande i uttaket til HL/LC.
- Poengfordeling: 1.pl = 12p, 2.pl = 10p, 3.pl = 8p, 4.pl = 6p, 5.pl = 5p, 6.pl = 4p, 7.pl = 3p, 8.pl = 2p, 9.pl = 1p. Samanlagt poengsum avgjer endeleg kvalifisering. Det blir rangering i SL og SSL mellom dei utatte løparane.
- Best kvalifiserte i SG har fyrsteretten til puljeval i HL/LC.
- Best kvalifiserte i SG har fyrsteretten til puljeval i treningsomgangane i UF i HL.
- Beste løpar i siste treningsomgang i HL har fyrsteretten til puljeval i UF- rennet.

- AK kan bruke skjønn i evalueringa/rangeringa og uttak av løparar m.o.t. skade/sjukdom, tidsdifferansar, eller at talet på kvalifiseringsrenn ikkje blir mange nok pga. representasjon i NSF regi.

Eventuelt

Sak20 11-13

Gjennomgang av leiarfunksjon FIS-opplegget 2011-2012

Bakgrunn:

AK har plukka ut ein del FIS-renn der ein har felles transport og ein reiser i samla tropp. Sjå sak 07 11-13 for informasjon om samarbeidsavtale med AVIS Bilutleige Førde vedr. reise til FIS-renn og meisterskap 2012.

Ein har elles lagt opp til at det på nemnde FIS-renn og meisterskap (junior) skal vere ein utnemnd hovudleiar. Hovudleiar får dekkja reise og overnatting i samband med arrangementa. Reise og overnatting for hovudleiar skal finansierast med eigendel frå løparane. Nivået på eigendelen er handsama ifbm. Vår møte 2011 (sjå ref. frå Vår møte 2011 for meir informasjon).

Forslag til hovudleiar på dei ulike renna var sendt ut på førehand.

Vedtak:

Alpinkomiteen sender ut førespurnad til dei som er sett opp som hovudleiarar om dei har moglegheit til å vere til å ta jobben. Adm. får i oppgåve å lage ei "sjekklste" som kan sikre at hovudleiar på FIS-renn gjer den jobben som blir forventa. Adm. må også sjekke om tilhenger som skal nyttast til vinteren er mogleg å låse.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins, alpinkomiteen

Lilly Schøyen (s)
Leiar

Ref.

Anders Felde (s)
Konsulent Skikrinsen